



Arkiv: PLANID-15282018002,
FE-141
JournalpostID: 21/14349
Saksbehandlar: Njell Hoftun
Dato: 29.10.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 79/21	Nærings- og utviklingsutvalet	15.11.2021

Løypeplan - 2.handsaming

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova Justert forslag til Løypeplan for områda kring Nysætervatnet vert lagt ut til 2.høyring.
Frist for uttale vert 15.01.2022.

Nærings- og utviklingsutvalet - 79/21

NU - behandling:

Samfunnsplanleggar Njell Hoftun viste powerPoint, orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NU - Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova vert Justert forslag til Løypeplan for områda kring Nysætervatnet lagt ut til 2. høyring.
Frist for uttale vert 15.01.2022.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Første utkast til løypeplan var ute til høyring i vinter. NU vart orientert om uttalar og motsegn i april-møtet. I løpet av sommaren/hausten er det synfart alternative trasear og plandokumenta er justert på fleire punkt.

Nytt utkast ver lagt fram for NU med tanke på utlegging til 2.høyring.

Saksopplysningar

Dokument i saka: Plankart
Planomtale med føresegner
Vurdering av merknadar etter 1.høyring
Vurdering alternativ ved Storhaugen/Vikelva

Uttalar til planen ver knytt til ulike tilhøve: endringa eller fjerning av trasear, risikotilhøve, omsyn til rikmyr mm.

Fylkesmannen hadde motsegn til planen på grunn av løypelegging på rikmyr.

Både fylkesmann og NVE var opptatt av risikotilhøve ved etablering av nye løyper innanfor aksemdssone snøskred.

Rundt Storhaugen/Vikelva var det ønske om endringar og reduksjon i traseval. Det same rundt Fetstølen.

Andre uttalar gjekk på nye trasear og mindre justeringar av eksisterande, samt bekymring for konsekvensar av auka fritudsbruk av utmarka.

Oversikt over merknadane og vurderingar av desse går fram av vedlegg. Vurderte alternativ rundt Storhaugen går fram av eige vedlegg.

Vurdering

Gjennom prosessen er det søkt å finne løysingar som er tenlege for både grunneigarar og for løypenetten. Ved vidare utbyggingar i området er det svært viktig at ein har ein forutseieleg situasjon kring løypene og at desse vert sikra best mogleg.

Eit godt løypenett er ein vesentleg verdi for området sin attraktivitet som hytteområde.

Samtidig som eit løypenett kan føre til auka ferdsel, vil det også styre ferdselen og kan vere ein måte å skjerme enkelte områder.

Risikikomessig meiner vi forslaget nå er akseptablet. Løypene ligg i all hovudsak utanfor aktsemdssonene. Gjennom drifta vil løypeleggar også handtere løpande risikosituasjon, til dømes i forhold til islagt vatn, mogleg skredfare, mm. Friluftssenteret har erfarne folk som vurderer desse tilhøva løpande gjennom sesongen.

Motsegn

Kommunen meiner det ikkje lenger er grunnlag for motsegn knytt til løyper på rikmyr. I planforlaget er opningane for inngrep i terrenget redusert. Eventuell sommarbruk av traseane er også tatt ut av plan. I tillegg vert løypene, av naturlege årsaker, ikkje køyrt før det er eit tilfredsstillande snølag som skjermar både myr og utstyr.

Løypeplanen er vurdert som eit godt tiltak jamfør FN sitt berekraftsmål nr 3 God helse.

Økonomiske konsekvenser

Ikkje direkte økonomiske konsekvenser for kommunen.

Geir Ove Vegsund
kommunedirektør

Bjarte Hovland
einingsleiar tekniske tenester

Vedlegg:


Løypeplan - Plankart 2.høyring

Løypeplan - Planomtale med føresegner 2.høyring


Løypeplan - Vurdering merknadar etter 1.høyring

Løypeplan - Vurdering alternativ ved Storhaugen/Vikelva


Løypeplan – vurdering uttalar etter 1.høyring

Nr	Namn	Merknad - kart/illustrasjon	Vurdering
P1	Ove T Ness	<p>Generellt svært positiv til standardhevinga på fjellet. Løypeplan viktig.</p> <p>Foreslår to nye trasear:</p> <p>A – Frå Revsdalen til P-Fausaskiftet</p> <p>B – Frå P-Tudalsreet til Fjellseterrunden</p> 	<p>Trase A viser mogleg kobling mellom Revsdalen og Fausaskiftet.</p> <p>Foresått trase går i eit terreng som krev større opparbeiding enn dagens løyper, og må slik sett detaljplanleggast og vurderast som eit byggetiltak.</p> <p>Foreslått trase ligg utanfor godkjente byggeområder, og er såleis ikkje i fare for nebygging.</p> <p>Etablering av løyper i Revsdalen er vurdert som første prioritet. Framtidig kobling mot Fausaskiftet er naturleg å detaljvurdere når Revsdalsløypene er på plass. Dette kan gjerast når kommunedelplanen for områda kring Nysætervatnet skal rullerast.</p> <p>Trase B koblar nye parkeringa på Tudalsreset med Fjellseterrunden. Koblinga har vore vurdert tidlegare. Terreng og vedtatte byggeområde gjer den utfordrande å etablere. Sidan løypeplanen ikkje omfattar vurdering av byggeområder, bør dette forslaget vurderast når ein rullerer kommunedelplanen for området. Kommunestyret har vedtatt det skal skje i 2023.</p>
P2	Bjarne Sigurd Drabløs	<p>Viser til sterkt auka skader på beitedyr i områder. Auke hytte- og turbruk gir auka skadetrykk.</p> <p>Sitat: <i>På bakgrunn av våre erfaringer som beitebrukere på Fjellsetra og det sterkt økende konfliktnivået de siste årene er jeg veldig skeptisk til de utvidede løypeplanene.</i></p>	<p>Skiløyper berører ikkje direkte beitesesongen, men auka tilrettelegging, sal av hyttetomet og anna aukar interessa og trafikken i området heile året. Samtidig gjer tilrettelegging det lettare å styre trafikken, noko som gjer det mogleg å redusere negative følgjer.</p>

Løypeplan – uttalar etter 1.høyring


<p>P3</p>	<p>Jostein Lade og Wenche Solheim</p>	<p>Arbeider med regulering av hytteområder ved Tudalsreset. Foreslår endra trase ut frå parkeringsplassen for betre tilpassing til sårbar natur og gode hytteløysingar.</p> <p>Revidert kart mottatt 25.januar</p> 	<p>I samarbeid med grunneigarane/utbyggarane er det funne ei god løysing med løypestart ved parkeringsplassen, gjennom det framtidige hytteområdet. Løysinga krev rydding av skog og noko mindre terrengbearbeiding frå parkeringa/Veg7 og om lag 60m opp til slett myrområde. Videre følgjer traseen opa myr fram til den møter opprinneleg løypeforslag utanfor framtidig hytteområde.</p>
<p>P4</p>	<p>Fet Grunneigarlag v/Ole Jostein Fet</p>	<p>Sitat frå uttale: <i>Primært er Fet grunneigarlag i mot at løyper vert regulert inn. I staden kan det inngåast avtalar med grunneigarlaga om løypetraseane.</i></p> <p>Laget har følgjande konkrete merknadar til planforslaget:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1.Ny trase frå Gamlestøen – Fet går ut. 2.To vegkryssingar på Håkonløype ved Fetstølen vert samla til ein. 3. To trasear nedanfor Fetstølen vert samla i ein. 	<p>Kommunen si vurdering er at løypene bør kartfestast, nettopp for å sikre at dei brukabare traseane ikkje vert gjenbygt. Trysil sitt råd om å legge løypene først, deretter hytter, trur vi er eit godt råd.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Forslaget vert imøtekome. Traseen ligg innanfor aktsemdsomsråde skred og må vurderast av geolog om den skal realiserast. Den er uansett ikkje aktuell å opparbeide i nær framtid, og den er heller ikkje i fare for å bli nedbygt. 2. Vegkryssingane vert samla. 3. Løypene vert samla slik grunneigarane foreslår

4. Endra vegkryssing på omkøyingsvegen ovanfor Dravlausstølen.
5. Ny kryssing av veg.
6. Løyper på Fet sine eigedomar skal etablerast utan graving eller andre inngrep i terreng eller kulturminner. Unntak er røyrlegging enkelte stader. Alt arbeid må avtalast med grunneigar.
7. Ynskejr ikkje opening for sommarbruk og moglegheit for turvegar i løypetrasear.



4. Dette punktet vert ikkje imøtekome. Slik forslaget er innteikna er det djupare grøfter og meir utfordrande å krysse vegen her, enn på dagens kryssingspunkt. Ved eventuell framtidig brøyting av hyttevegen austover frå svingen på omkøyingsvegen vil ein få eit ekstra kryssingspunkt.
5. Sjå pkt 4.
6. Imøtekome. Føresegner og planomtale vert justert
7. Imøtekome. Sommarbruk av løyper vert å vurdere separat for strekningar der det kan vere aktuelt. Kan takast opp i rullering av kommunedelplanen.

Løypeplan – uttalar etter 1.høyring

P5	Kjell Perry Drotninghaug	<p>Ynskjer at det blir tatt med alternativ trase over gbnr 30/2 på løype 1.4 rundt Sætrevatnet.</p> 	<p>Imøtekome. Alternativet vert vist i plankartet, saman med eksisterande trase. Eventuell opparbeiding og detaljert tilpassing må gjerast i samarbeid mellom grunneigar og løypeleggar.</p>
P6	Dravlaus grunneigarlag v/Bernt Are Lervåg	<p>Ønskjer ikkje ny trase frå Fetstølen til Storhaugen</p> <p>Opparbeiding av sommarløyper i urørt natur bør unngåast.</p> <p>Ønsker dialog om ein trase som ikkje kryssar og bruker skogsvegen ved Storhaugen.</p>	<p>Trase Fetstølen – Storhaugen blir tatt ut. Sjå P4.</p> <p>Sommarløyper blir tatt ut sjå P4.</p> <p>Etter dialog og synfaring er det vurdert ulike alternativ rundt Storhaugen. Det vert akseptert at ein skal unngå bruk av skogsvegen på permanent basis, og at ein skal søke å ha ein trase gjennom området. Ulike trasear er vurdert. (sjå eige vedlegg). Administrasjonen vurderer ei tilpassing av vedteken trase i gjeldande plan på sørsida av Vikelva, som det mest realistiske alternativ. Alternativet vil truleg krevje detaljprosjektering, for å fastsette eksakt trase. Vist trase i løypeplan er eit utgangspunkt vurdert som brukbart av løypeleggarar.</p>
O1	Landbrukskontoret, på vegne av landbruksnæringa.	<p>Peikar på at nye skitrasear også vil føre til auka fritidsbruk om sommaren, med påfølgjande auka konfliktnivå.</p> <p>Laushundar er eit aukande problem for beitedyr.</p>	<p>Løypeplanen handterer ikkje desse utfordringane. I stor grad er dette sjølvpåførte utfordringar, då det er grunneigarar som har vore pådrivarar for hytteutbygging.</p> <p>Kommunen har lagt til rette for betre renovasjon i området, noko som også dagsturistar har nytte av. Saman med skisenteret som driftar løyper og</p>

Løypeplan – uttalar etter 1.høyring

		Auka fritidsbruk fører til auka forsøpling og større snitærbehov. Etterlyser korleis løypeplanen skal lyse desse utfordringane.	alpinanlegg er det gjennom driftstiltak (god tilrettelegging, avfallsmottak, god informasjon mm) ein kan redusere problema.
O2	Mattilsynet	Løypetraseane må utgreiast med omsyn til kartlegging av alle vasskjelder med nedslagsfelt. Løypene sin innverknad for framtidig bruk av vasskjelder må vurderast. Det må også takast stilling til korleis auka ferdsel og menneskeleg aktivitet verkar inn på vasstilførsel og vasskvalitet. Og det må gjerast greie for korleis sjølv anleggsarbeidet kan påverke vassforsyninga i området. <i>Konkluderer med «at tiltaket må vere i samsvar med kommunen sine eigne reglar i gjeldande arealplan. Fortrinnsvis bør kommunen sikre at omsynet til drikkevatt er vurdert og iverettatt, og om nødvendige føresegner knytt til dei konkrete nedslagsfelta, før planforslaget vert vurdert.»</i>	Skiløypene skal i hovudsak køyrast på frosa mark utan opparbeiding i grunnen. Kartlagte borehol for vassforsyning er nytta i plassering av løyper. Når mattilsynet viser til «sjølv anleggsarbeidet» må ein bemerke at løypene ikkje skal føre til anleggsarbeid. Det er kun utsette stadar til dømes der det er behov for ei klopp over ein bekk, eller eit røyr for å unngå blaute partier, ein har behov for opparbeidingstiltak. Vassløp skal ikkje endrast pga av løypa. Auka ferdsel må påreknast. Faren for innverknad på vasstilførsel og vasskvalitet vert vurdert som liten. Ein kan ikkje utelukke lekasjar av drivstoff oa. Erfaringsmessig er det svært liten risiko. Samanlikna med risiko i sommarhalvåret knytt til vilt og beitedyr i nedslagsfelta, må skiløypene vurderast som å ha svært lite forureingspotensiale. Etter kommunen si vurdering utgjer skiløypene liten fare for forureining av drikkevasskjelder.
O3	NVE	-Arealføremål Rår til å endre arealføremål. Viser til manglande samsvar grøntsturktur vs samferdselsanlegg. -Skredfare Planframlegget er ikkje eintydig på kva nye trasear som skal handsamast etter pbl 20-1 – <i>Tiltak omfatta av byggesaksbestemmelsane.</i> Rår til at føresegna vert endra med krav om vurdering av reell fare for skred etter tryggleikskrava i TEK17, før det kan etablerast nye trasear innanfor omsynssone Skredfare H310.	-Arealføremål Plan- og bygningslova er ikkje eintydig på kva som er rett/beste planføremål for skiløypetrase slik denne planen legg opp til. NVE peikar på ei frøml manglande samsvar mellom plankart og føreeg. Det er ulikt kva arealføremål som er brukt. Døme frå andre kommunar samt planretteiar frå KMD, tilseier at (truleg) er Arealføremål Bebyggelse og anlegg - 1400 Idrettsanlegg - 1420 Skiløypetrase rettast. Då med presisering i føresegner at traseane ikkje skal opparbeidast. -Skredfare Traseane skal i utgangspunktet leggest utan terrenginngrep, og fell utanfor pbl 20-1. Løypetrasear innanfor aktsemddsonene vert tatt ut. Dette gjeld særleg framtidig ny trase melleom Fetstølen og Storhaugen og Revsdalen. I Revsdalen er løypa korta mykje inn slik at den ligg minimalt innanfor aktsemssonene. Særleg på austsida av elva er det uråd å unngå sonen heilt, men løypa er lagt så nær elva som praktisk mogleg, utan å kome i knflikt med vegetasjonsbelte langs vassdrag. Dalen ber ikkje preg av å vere rasutsett. Mørenett som driftar kraftlinja gjennom dalen melder om ingen kjente skredsituasjonar. Auka oppslag av skog påvirkar

Løypeplan – uttalar etter 1.høyring

		<p>-Flaumfare Bør vurdere å synleggjere områda med flaum-utfordringar gjennom bruk av omsynssone Flaumfare H320.</p> <p>-Vassdragsmiljø Kryssing av vassdrag med bruer er tiltak som skal vurderast etter vassressurslova. Rår til at planframlegget set krav til slik vurdering. Saknar ei grundigare vurderinga av etablering av løype myrområde i revsdalen med stort nettverk av bekkefar mot Revsdalselva.</p> <p>-Nettanlegg Større høgspenlinjer skal avsettast omsynssone H740 i plankartet.</p>	<p>og utløpsområda. Kommunen vurderer dei tilpassingane som er gjort som akseptabelt tryggleik.</p> <p>-Flaumfare Løypepreparering er basert på snødekt, frosha mark, på ei årstid der flaumfare normalt utgjer liten risiko. Under snøsmelting på slutten av sesongen opphøyrer løypelegging av naturlege årsaker. Mange års erfaring med løypelegging i området tilseier at flaumsituasjonar først og fremst oppstår utanfor normal skisesong. Ein har såleis vurdert å ikkje legge inn omsynssone H320.</p> <p>-Vassdragsmiljø Krav om vuredering etter vassressurslova blir tatt inn i føresegnene. I myrområdet i Revsdalen er løypa søkt lagt tørrast mogleg, og med få kryssingspunkt. Dette med tanke på bruk tidleg og seint i sesongen, og behov for tiltak i grunnen. Traseen er basert på køyring på frosha mark. Behovet for ei grundigare vurdering må sjåast i lys av det.</p> <p>-Nettanlegg Høgspenlinja blir avsett som H740.</p>
O4	Møre og Romsdal fylkeskommune	<p>-Uheldig at nokre løyper ligg innanfor aktsemdsoner for skred.</p> <p>-Ved eventuelle inngrep i grunn skal fylket varslast med tanke på atomatisk freda kulturminne</p> <p>-Løyper nær nyare tids kulturminne bør unngå terrenginngrep</p> <p>-Svært positiv til at kommunen lagar løypeplan.</p>	<p>-Nye trasear er i hovudsak trekt ut av aktsemdssonene. Kun mindre delar ligg heilt i ytterkant av utløpssoner i Revsdalen.</p> <p>-Løypene er i utgangspunktet utan terrenginngrep. Ved inngrep skal fylket varslast, jfr. gjeldande regleverk.</p> <p>-Løypene krev i hovudsak ikkje terrenginngrep, utover rydding av skog etter behov. Nærføring til registrerte kulturminner eller kulturmiljø er unngått i nye trasear. Eksisterande trase rundt vatnet går nær registrerte lokalitetar særleg ein stad (KulturminneID 224159 - jernvinneanlegg i utvaskingssona). Løypa går her i strandlinja/på is, og krev ikkje terrengbearbeiding.</p> <p>-Planen fokuserer kun på trasear, ikkje på detaljert utforming av tilkomstar eller merking. Det vert lagt føringar inn i føresegnene for universell utforming og tilpassingar. Tema vert tatt opp med skisenteret knytt til drift.</p>


Løypeplan – uttalar etter 1.høring

		-Etterløyser meir rundt universell utforming og skilting og merking.	
O5	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	<p>-Svært positiv til at ein vil sikre løypetrasear.</p> <p>-Motsegn rikmyr Motsegn til planen pga løype over rikmyr, og at planen opnar for at det kan gjerast mindre terrenginngrep, røyrlegging mm i traseane. Nemner også til domes krav om minste snødjupne før køyring på rikmyr.</p> <p>-Sommarturveg Ber om at moglegheit for sommarturveg i løypetrase vert tatt ut av planomtalen. Peikar på at dette vil vere eit større, søknadspliktig inngrep.</p> <p>-Vassressurslova Minner om vassressurslova sitt krav til naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag.</p> <p>-Risiko. Skiløyper er ikkje omfatta av TEK17, men ein bør likevel styre løyper til område med akseptabel risiko, då løyper styrer legg til rette for aktivitet og personaopphald.</p>	<p>-Motsegn rikmyr Planen tar utgangspunkt i køyring på frosa mark. Naturleg terreng tilseier at køyring ikkje skjer i snøfattige periodar. Vi har ikkje funne det praktisk å fastsette ein minste snødjupne, då tilhøva varierer mykje lokalt innanfor området i forhold til ver og vind. Generelt vert ikkje løypene køyrt før det er nok snø til at terrengskader vert unngått. Det har også samanheng med redusert slitasje på utstyret.</p> <p>Vi ser at opninga for mindre terrenginngrep i føresegnene kan gi inntrykk av at planen opnar for ei generell opparbeiding. Det er ikkje meininga. Det er kun unntaksvis det er behov for terrengtilpassingar, og då av begrensa grad. For å unngå ei generell opning har vi tatt ut dette punktet i føresegnene. Dei enkeltinngrepa som eventuelt må gjerast må då vurderast frå sak til sak.</p> <p>-Sommarturveg Dette vert tatt ut av planen.</p> <p>-Vassressurslova Rydding av løyper nær vassdrag skal ivareta kravet til vegetasjonsbelte. Generelt er løypene lagt med avstand til elv og i mest mogleg ope terreng for å unngå ryddebehov.</p> <p>-Risiko Løypetraseane er endra. Nye trasear innanfor aktsemdssonene er i stor grad tatt ut. Kun eit mindre strekke i Revsdalen ligg nær ytterkanten av utløpssona for snøskred.</p>

Vurdering av endra løypetrasear ved Storhaugen 2021

Bakgrunn for ny vurdering er ønske frå grunneigarar om ikkje å basere løypa på skogsvegen samt etablere berre ein trase gjennom området.

Gjeldande plan Kommundelplan for områda kring Nysætervatnet (2014)



Skiløype er vist som stipla svart linje i gjeldande plan.


Planen viser løypetilkomst frå lysløypa og trasear rundt Storhaugen med bruk av skogsvegen frå Vikelva og nordover.

Då lysløypa kom vart skiløypa flytta frå stølsvegen og nærare vatnet, i forlenging av lysløypa. Det vart laga ny tilkomst frå Vikelva opp til skogsvegen. Denne traseen vart tatt inn i planen.

Planen viser dei traseane som var nytta på den tid. I tillegg viser den ein ny trase på sørsida av Vikelva opp til øvre bru over elva. Denne vart lagt inn for ei betre framtidig kobling til løypa på sørsida av Storhaugen. Traseen var ikkje detaljvurdert. Den er ikkje tatt i bruk enno.


I ettertid har bruken av skogsvegen blitt redusert. Løypa vart ikkje køyrt på den nordlegaste delen. I staden har ein gjort forsøk med ein trase på nordsida av Storhaugen som berre kryssar skogsvegen. Skogsvegen vert framleis nytta for løypa på sørsida av Storhaugen.

Kartet under viser løypene slik dei stort sett har vore køyrte siste sesongane.



Løyper køyrt siste sesongar Storhaugen

Kategori: Hovudløype
Arealbruksformål: Skiløype i gjeldande plan.




Omtale


Løypa ved Storhaugen har historisk gått vegen frå Dravlausstølen og passert Storhaugen på sørsida.

Lysløype langs vatnet og seinare brøyting av vegen, gjorde at løypa vart flytta. Ny trase går frå lysløypa inn til Vikelva, opp til skogsvegen, sørover på denne til øvre bru over Vikelva, før den så følgjer den gamle traseen på sørsida av haugen. Ny trase på nordsida kom inn som eit mogleg alternativ for å unngå bruk av skogsvegen.

Tidlegare var løypa køyrt til enden på skogsvegen, og så opp ttill dagens kryssing av kommunegrensa, slik traseen er vist i kommunedelplanen.

Tema	Vurdering	Konsekvens
Landskap	Løype ligg i landskapet etter terreng og vegetasjon, med behov for minimal opparbeiding. Rydding av skog er gjort. Ikkje vurdert å ha negativ effekt for landskapet.	0
Naturmangfald	Ikkje registrerte konflikter.	0
Kulturminne/-miljø	Ikkje konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Friluftsliv – folkehelse	Hovudstammen i løypenettet. Særdeles viktig. Sørsida på Storhaugen er solrik og open, og er eit viktig turmål i seg sjølv.	+
Landbruk	Løypa bruker skogsvegen. Her ligg eit konfliktpotensiale, og det er ønskeleg frå grunneigarar å unngå å gjere løypa avhengig av vegen.	0
Risiko	Utanfor kartlagde aktsemdsoner.	+

<p>Alternativ Storhaugen nord</p> <p>Etter synfaring m grunneigarar</p> <p>Kategori: Hovudløype Arealbruksformål: LNF Lengde:</p>	 <p>Omtale</p> <p>Sommaren 2021 vart det gjort synfaring av alernativ trase saman med grunneigarar. Målet var å sjå på eit alternativ nord for haugen, nærare Nysætervatnet. Mørk blå stipla linje viser synfart trase. Synfaringa slutta ved enden av skogsvegen. Lys blå stipla linje viser mogleg trase for tilknytting vidare til Stranda.</p>	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Landskap	<p>Krev opparbeiding av ny trase i stadvis bratt terreng. Vil gi utfordringar med tanke på skjæring/fyllingar. Ut frå nødvendig breidde for trakkemaskin og hellinga på terrenget vil det bli eit relativt stort landskapsinngrep.</p> <p>Betyr i realiteten to parallelle vegføringar, løypetrase langs vatnet og skogsveg høgare oppe.</p> <p>Innanfor 70-metersbeltet langs Nysætervatnet. Byggeforsbod jfr. vedteken plan. Plankrav.</p>	-
Naturmangfald	Ikkje registrerte konflikter	0
Kulturminne/-miljø	Ikkje konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Friluftsliv – folkehelse	<p>Hovudstamme i løypenettet. Særdeles viktig at ein finn ei framtidretta trase i området.</p> <p>Traseen vil tene føremålet.</p>	+
Landbruk	Ikkje registrert spesielle konfliktområde knytt til traseen, utover generelle konflikter knytt til løyper i utmark.	0
Berekraft	<p>Løypa krev stort terrenginngrep, jamfør etablert praksis der hovudprinsippet er minst mogleg terrenginngrep.</p> <p>Kostnadskrevande.</p>	-
Risiko	Innanfor aktsemdssone Skred Snø Stein, jfr. NVE. Ikkje vurdert som reell fare lokalt, men må i plansamanheng vurderast av fagkunnig.	0/-
<p>Samla vurdering :</p> <p>Traseen vil kunne fungere som del av hovudløypa rundt vatnet.</p> <p>Sørsida av Storhaugen er eit viktig turmål i seg sjølv. Dette fell bort ved dette alternativet.</p> <p>Større landskapsinngrep med i praksis to parallelle vegføringar på nordsida av Storhaugen er negativt.</p> <p>Høgare kostnadar enn alternativ sør.</p> <p>Samla vurdering tilseier at alternativet er vanskelegare å realiser, og vert ikkje anbefalt.</p>		

<p>Alternativ Storhaugen sør</p> <p>Etter gjeldande kommunedelplan og synfaring m løypeleggarar.</p> <p>Kategori: Hovudløype Arealbruksformål: LNF Lengde:</p>	 <p>Omtale Alternativ trase sør for Storhaugen. Dette er ei nærare vurdering av vedtatt trase i kommunedelplan Nysætervatent. Synfart med løypefagleg kompetanse.</p>	
<p>Tema</p>	<p>Vurdering</p>	<p>Konsekvens</p>
<p>Landskap</p>	<p>Løype lagt i landskapet etter terreng og vegetasjon for minst mogleg terrengbearbeiding. Bruker i stor grad opa myr. Rydding av skog nødvendig i nederste del. Mindre utjamningar, fjerning av tuer, stein oa. ønskeleg somme stader for å gjere traseen køyrbar under dårlege snøtilhøve. Kan vere behov for noko terrengtilpassing i svingane . Alle inngrep tilstelt med stadeigen vegetasjon. Ikkje vurdert å ha negativ effekt for landskapet.</p>	<p>0</p>
<p>Naturmangfald</p>	<p>Ikkje registrerte konflikter.</p>	<p>0</p>
<p>Kulturminne/-miljø</p>	<p>Ikkje konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.</p>	<p>0</p>
<p>Friluftsliv – folkehelse</p>	<p>Hovudstamme i løypenettet. Særdeles viktig at ein finn ei framtidsretta trase i området. Traseen vil tene føremålet.</p>	<p>+</p>
<p>Landbruk</p>	<p>Ikkje registrert spesielle konfliktområde knytt til traseen, utover generelle konflikter knytt til løyper i utmark. Utanfor planlagt framtidig hytteområde.</p>	<p>0</p>
<p>Berekraft</p>	<p>Avgrensa terrenginngrep, samanlikna med alternativ nord. Økonomisk gunstigare.</p>	<p>+</p>
<p>Risiko</p>	<p>Utanfor kartlagde aktsemdsoner.</p>	<p>+</p>
<p>Samla vurdering : Alternativet er ei detaljering av vedtatt trase i gjeldande kommunedelplan. Samla vurdert som det minst inngripande alternativet. Økonomisk sett vurdert som gunstigare enn alternativ nord.</p>		